



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Halsa kommune.
Nordkraft Prosjekt AS. Bygging av Sandåa kraftverk.
Fråsegn til søknad om konsesjon. Motsegn.

Fylkesmannen viser til brev av 28.02.2017 der vi blir bedt om å kome med fråsegn til søknad om bygging av Sandåa kraftverk.

Konklusjon

Etter Fylkesmannens vurdering tilfredstiller søknaden kravet til kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova (§ 8).

Fylkesmannen har med medhald av vassressurslova § 24 motsegn til Sandåa kraftverk. Vi legg til grunn at ei slik utbygging vil redusere den sjeldne naturtypen fossesprøytsone. Det er kun registrert ein tilsvarande naturtype på Nordmøre. Dette er ein naturtype som Norge har eit internasjonalt ansvar for.

Vi viser elles til våre faglege merknader.

Bakgrunn

- Sandåa kraftverk vil utnytte fallet i Sandåa frå kotehøgde 270 ned til eit kraftverk på kote 65.
- Maksimal slukeevne er på 3,0 m³/s. Dette er 250 % av middelvassføringa, som er oppgitt til 1,2 m³/s. Minimum slukeevne er på 0,15 m³/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 0.06 m³/s
- Det er føresett minstevassføring på 0,2 m³/s i perioden 01.06-31.08 og 0.1 m³/s resten av året.
- Vassvegen blir om lag 1940 m som skal gravast ned på heile strekninga.
- Til kraftstasjonen blir det bygt ein tilkomstveg på 295 m. Til inntaksdammen vil eksisterande skogsveg bli nytta.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 14,4 GWh med installert effekt på 5,2 MW.

Vurdering

Landskap og friluftsliv

Det er skogsvegar og plantefelt i dalen og området framstår derfor ikkje som urørt. Fleire fossar, stryk og kulpar bidrar likevel til gode kvalitetar i landskapet. Røyrgate, inntak og redusert vassføring vil redusere landskapsopplevinga, særleg i byggeperioden og første del av driftsfasen til inngrepa har grodd meir til.

Det er fleire merka turløyper i influensområdet. Vi kjenner ikkje brukarfrekvensen, men det går fram av søknaden at desse løypene har vore mykje promotert dei siste åra. Ein reknar med at området blir brukt både av lokale og tilreisande. Særleg er stien fram til Strytfossen framheva som viktig turmål. Denne fossen har stor inntrykksstyrke. Utbygginga vil klart redusere denne og vil vere negativt for landskapsopplevinga. Også fossane på kote 210 vil bli rørt og miste mykje av sin inntrykksstyrke.



Frå synfaringa 19.04.2017.

Ved den nedste fossen, Storfossen, er det bygt scene. Området er tilrettelagt som rekreasjonsområde og badeplass. Storfossen vil ikkje bli direkte rørt av utbygginga. Likevel vil kraftstasjon og vegtilkomst og skogshogst oppe i lia også kunne påverke opplevingsverdien av dette området.

Biologisk mangfald

Biologisk mangfald rapporten (Sweco) og konsekvensvurderinga for verdfulle naturtypar, karplantar, mosar og lav (Rådgivende biologer AS - 2016) gir etter det vi kan sjå tilfredsstillande informasjon om kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Av raudlisteartar er olivenlav (NT) er registrert på ei selje langs elva og alm (VU) er registrert ved Tverråa. Ved ei eventuell utbygging må det takast omsyn til desse ved detaljplanlegginga.

Det er vidare registrert fleire naturtypar i influensområdet; fire fossesprøytsoner (E05) - der to blir rørt av tiltaket (B-verdi), og ei bekkekløft og bergvegg (F09) (B-verdi).

Naturtypen *bekkekløft og bergvegg* (F09) er registrert mellom kote 70 og 230. Den inneheld gjel, vertikale bergveggar, fosseberg og små fosse-enger. Skredmateriale ned mot elveløpet har rik vegetasjon og skog med særleg høg bonitet. Sjølv om det ikkje er funne raudlista artar er dette ein viktig og sårbar naturtype i forhold til små kraftverk. Samansettinga og tettleiken av biologisk mangfald er generelt høg i slike naturtypar samanlikna med andre norske naturtypar. Alle inngrep som endrar fuktigheits- og lystilhøva i naturtypen er eit trugsmål for mangfaldet.

Det er to fossesprøytsoner (E05) som blir rørt av utbygginga (foto). Den nedste fossesprøytsona (B-verdi) i Strytfossen har innslag av fosseeng og fosseberg. Den øvre fossesprøytsona ligg mellom kote 190 og 210, og er karakterisert (under tvil) som urterik utforming med høgstaude. Begge har verdien viktig (B-verdi).

Også fossesprøytsone er ein av våre mest varierte naturtypar. I slike område finn ein eit mangfald av element og artar som ikkje er vanlege i mindre fuktig naturmiljø. Trugsmåla mot fossesprøytsone er først og fremst regulering med redusert vassføring. (jf. DN-Handbok 13).



Strytfossen 19.04.2017



Øvre foss kote 190-210 19.04.2017

I Olje og energidepartementets *retningslinjer for små vannkraftverk* er det vist til at Norge

har eit internasjonalt ansvar for naturtypane bekkekløft og fossesprøytsoner. Retningslinjene viser vidare at tiltak som kjem i konflikt med naturtypar Norge har eit internasjonalt ansvar for ikkje kan rekne med å få konsesjon.

I søknaden kap. 3.20 *Samla belastning* er vassdraget samanlikna med andre nedbørsfelt. Dette er eit avsnitt som er lite avklarande i forhold til dei registrerte naturtypane. Det er få kjente vassdrag i fylket med fossesprøytsoner med fosseenger og med stort sett stabil fossesprøyt. Som grunnlag for denne konklusjonen bygger vi på innsamling av data gjennom mellom anna kommunevis kartlegging av biologisk mangfald – presentert i Naturbase. Etter ein gjennomgang av naturbase for alle kommunane på Nordmøre (9 kommunar) er det kun registrert ein naturtype fossesprøytson tidlegare. Dette er også i Halså kommune (Skallelva). Fylkesmannen fremja derfor motsegn til utbygging av denne og motsegna vart tatt til følgje av OED i brev av 07.04.2017. (Vi er klar over at tiltaket i Skallelva var eit noko mindre prosjekt (i produsert kraft)). Vi kjenner ikkje til om naturtypelokaliteten i Strytfossen er større eller mindre enn lokaliteten i Skallelva. Sjølv om kunnskapen om kva verknader lågare vassføring vil ha på kryptogamer er mangelfull, peikar rapporten til Rådgivende biologer AS på at ei utbygging vil vere negativt for fossesprøytsonene og for den avgrensa bekkekløfta.

Sjølv om vi kanskje ikkje har fullstendig kunnskap over omfanget av fossesprøytsoner i fylket, må ein uansett leggje til grunn § 9 (føre-var-prinsippet) i naturmangfaldlova. Vi reknar med at alle «kommunepakkane» for småkraftutbygging på Nordmøre stort sett er ferdige. Slik sett har det likevel kome fram ein del kunnskap om også andre vassdrag i denne delen av fylket. Vi vil vidare nemne det nasjonale bekkekløftprosjektet som ga ny informasjon om naturmangfaldet i og ved vassdrag. Vi meiner også at Møre og Romsdal er eitt av fylka i landet som har best dekningsgrad og kvalitet på det som er av naturtypedata i Naturbase. Vi må derfor konkludere med at det tross alt er ein del kunnskap om kva for verdiar som er representerte i dei resterande vassdraga i fylket.

Fossefall er døme på andre artar som er særleg tilpassa og avhengig av vassdragsnatur. Vassdragsinngrep er eit av dei viktigaste trugsmåla mot fossefallen. Under synfaringa 19.04.2017 vart det observert eit par som heldt til rundt Strytfossen. Dei oppheldt seg lenge på ei hylle inn under fossen. Det er all grunn til å tru at dette er ein potensiell hekkelokalitet. Også på strekninga like nedanfor inntaket vart det observert eit par. (Da fossefallen er revirhevdande er det usikkert om dette eventuelt var det same paret som har forflytta seg på næringssøk).



Fossefall ved Strytfossen 19.04.2017

Når det gjeld avbøtande tiltak er det lagt opp til minstevassføring på 200 l/s i perioden 01.06-31.08 og 100 l/s resten av året. Om dette kan bøte på konsekvensane er ikkje tilstrekkeleg synleggjort og også vanskeleg å vurdere. Vi registrerar vidare at tidsperioden for sommarvassføring er kort. Vi saknar også bildar av vassdraget under ulike vassføringar. I følgje søknaden skulle dette ligge under vedlegg 6, men etter det vi kan sjå er det ikkje lagt ved.

Fisk og ferskvassøkologi

Vandringshinderet for anadrom fisk er i Storfossen, eit stykke nedanfor planlagt kraftstasjon. Vi reknar likevel med at det på utbyggingsstrekninga finst stasjonær aure typisk for denne typen økosystem. Eit minimum av økologisk driftsvassføring er naudsynt for vasslevande insekt og fisk. Ved ei eventuell utbygging må det derfor sikrast tilstrekkeleg heilårleg minstevassføring. Det er føresett at omløpsventil blir installert for å hindre hurtig vassføringsdropp og fiskedød på anadrom strekning.

Det er gjennomført ei omfattande kartlegging av status og utbreiing av elvemusling i Møre og Romsdal i perioden 2009-2013. Fylkesmannen kjenner ikkje til førekomstar av elvemusling i Sandåa. Ål er observert nedstrøms Storfossen, men vi reknar det som lite sannsynleg at den går vidare opp i dette vassdraget.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Vassforskrifta

I Vann-nett er Sandåa ikkje utskilt som eige vassførekomst, men omtalt saman med fleire vassdrag i området (vassførekomst 113-44-R). Den økologiske tilstanden er «antatt god» med miljømål GØP (godt økologisk potensiale) innan 2021.

Kraftutbygging vil kunne påverke den økologiske tilstanden. I den vidare saksbehandlinga må NVE vurdere dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet og nye inngrep).

Samla verknader

Mykje av vassdragsnaturen i Halså kommune er/vil bli rørt av vasskraftutbygging. Vi føreset at dette blir tatt med i vurderinga av konsesjonssøknaden. Det er planlagt og bygt ei rekkje småkraftverk i nærområdet til Sandåa kraftverk. Berre rundt Valsøyfjorden finn ein Storelva kraftverk, Langvatnet kraftverk, Grytdalen kraftverk og Valsøyfjord kraftverk. Det er også planar om utbygging av Stokkelva noko lenger ut i fjorden. Vidare finn ein Hennaelva kraftverk, Rodal kraftverk og Engdal kraftverk i nabobygdene.

Oppsummering

Etter Fylkesmannens vurdering vil den omsøkte utbygginga røre ved miljøverdiar av nasjonal eller vesentleg regional verdi, da Norge har eit internasjonalt ansvar for naturtypene bekkekløft og fossesprøytsoner. Det er ikkje tilstrekkeleg synleggjort at

forslaget om minstevassføring vil kunne bøte på konsekvensane ved ei utbygging. Vi minner også om at det tidlegare kun er registrert ein naturtype fossesprøytsone på Nordmøre; Skallelva i Halså kommune. OED avslå utbygging i dette vassdraget tidlegare i år. Med bakgrunn i våre merknader ovanfor finn vi å måtte fremje motsegn til søknaden.

Vi viser elles til våre faglege merknader til utbyggingsplanane.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Linda Aaram
miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Halsa kommune	Rådhuset, Liabøen	6683	VÅGLAND